


# † KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 5 ADVENT 2008

FOLKEFRELSAR, TIL OSS KOM. FØDD AV MØY I ARMODSDOM.  
HEILE VERDI UNDRAST PÅ, KVI DU SÅLEIS KOMA MÅ.

HERRENS UNDER HER ME SER, VED GUDS ANDE DETTE SKJER.  
LIVSENS ORD FRÅ HIMMERIK, VERT I KJØT OG BLOD OSS LIK

UTAN SYND HAN BOREN ER, SOM ALL SYND FOR VERDI BER  
HAN ER BÅDE GUD OG MANN, ALLE FOLK HAN FRELSA KAN.

LOV OG TAKK, DU HERRE KJÆR, SOM TIL VERDI KOMEN ER!  
FADER GOD OG ANDE BLID, LOV OG TAKK TIL EVIG TID.

AMBROSIUS, MILANO CA. 375

**OSTERØY  
PRESTEGJELD  
TILSETTE/RÅD  
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset  
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00  
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81  
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no  
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

**Direkte innval:**

Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 71

**Prestane:**

Sokneprest Johannes Melve, Haus  
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21  
Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger  
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

**Kyrkjemusikk:**

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26  
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

**Kyrkjeleg fellesråd:**

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424  
Nestleiar: Anne Mari Persen  
Jostein T. Reigstad, Tove Mostrøm Fjeldstad,  
Frode Johnsen, Johannes Melve,  
Wenche Fiskesteth

**Soknerådsleiarar:**

Gjerstad: Oddmund Vevle  
Hosanger: Katja Litland  
Hamre: Tove Klepsvik  
Haus: Madli Hannisdal  
Bruvik: Johannes Melve

**Kyrkjeheising redaksjonsnemd:**

Redaktør: Kristoffer Foldøy  
Tlf: 56 39 45 42 - 47 61 81 24  
E-mail: kristofferfo@gmail.com  
Johannes Melve, Elna Mjelstad, Øyvind Vevle  
Layout: Oda Karoline Foldøy



**ADVENT**

Historia om vismennene frå Austerland finn vi i Matteusevangeliet i Bibelen. Der står det at nokre vismenn oppsøkte Herodes i Jerusalem for å hylla den nye kongen som var fødd. Herodes vart svært uroleg over dette, for han hadde ingen nyfødd son. Så han spurde dei nøye ut om det teiknet dei hadde sett og om stjerna som hadde synt vegen. Denne forteljinga blei svært populær, og utvikla seg i århundra etterpå til ei detaljert utgreiing med namn på vismennene, kvar dei kom i frå, og til med kva som hende med dei etter besøket i Betlehem.

Også i målarkunsten er motivet med besøket i stallen mykje brukt. Matteus seier ikkje kor mange vismenn som kom, men sidan dei hadde med seg tre gaver, gull røykjelse og myrra, har ein konkludert med at dei var tre. Ettertida har også sett namn på dei og gjeve dei personlege kjenneteikn: *Caspar* var den yngste, som ofra røykelse og kom frå Spania. *Balthazar* var ein voksen mann, ofra myrra og kom frå Saba i Asia. Den eldste, som ofra gullet, var *Melchior*. Han kom frå Afrika. Slik kunne ein symbolsk slå fast at folk frå heile den til då kjende verda hylla Jesusbarnet.

På Giotto si framstilling på framsida ser vi at ein tenar tek seg av kamelane dei har nytta som ridedyr. Vi ser også tydeleg aldersforskjell på dei tre vise menn. Ein engel står og held den eldste si gave, medan han knelar framfor barnet. Over den enkle stallen med Maria, Josef og barnet har Giotto måla stjerna som ein komet. Haleys komet var synleg i 1301, fire år før dette biletet vart måla på murveggen i Scrovegni-kapellet i Padua, Italia, og har sikkert inspirert kunstnaren til ein slik versjon.

- Kristoffer Foldøy

## BISKOPEN TAKKAR FOR FYLGJET

Bispetenesta mi her i Bjørgvin er i ferd med å ta slutt. Eg har passert aldersgrensa etter 14 år i bispes stolen. No skriv eg for å takke for fylgjet, med bøn om signing for all god gjerning.

Mest alle spør om det er vemodig å slutte. Svarer er ja. Det er eit privilegium å få gjere teneste i Bjørgvin. Uventa og utan etterhald er eg blitt tatt imot i svært ulike krinsar. Breie lag av folket spør etter biskopen som støtte for saka si. Biskopen er ein leiar ein kan ergre seg over og til tider vere stolt av. Det er ikkje det same for folk korleis han markerer seg. Mange kjenner seg stadfesta når dei opplever at biskopen lukkast.

Titusener av handtrykk har det blitt i kyrkjedører på Vestlandet og i sjømannskyrkjer over heile verda. Eg var der som symbolfigur og som ei stadfesting på det å bli sett. Men først og fremst var eg der som sendebod frå Gud med godt nytt i ei rufsete tid.

Somme har eg såra undervegs. Dei opplevde seg som taparar når eg skar gjennom. Det er eg lei for. Dei venta betre frå kyrkja sin fremste representant. Som biskop har eg mitt å be om orsaking for. Det vil alle skjöne. Eg sjølv, framfor nokon.

Eg kom frå sjelesorga til bispestolen. Det er samtale og relasjonsarbeid eg har halde på med så lenge eg

har vore prest. I dei gode stundene vonar eg det har prega bispegjerninga òg. Eg har trivst som biskop, sjølv om leiarrolla har hatt kostnader.

Der er dei som seier at eg har vore ein tydeleg biskop. Det er meint som eit kompliment, som eg takkar for. Men det har vore utfordrande å vere faneberar når ein er skapt til å vere båreberar. Det er mykje i livet som er sårbart og som ikkje går opp. No vil eg søkje attende til sjelesorga. Eg vil vitne om vona og Guds nærvære i det skjøre og uferdige.

I arbeidet mitt som biskop har Else Liv har vore med meg heile vegen. Dei som kjenner meg, veit kor mykje det har hatt å seie. No har vi slått oss ned på hennar og min far sine heimetraktar i Nordhordland. Vi blir framleis i Bjørgvin. Her vil vi gå til gudsteneste og her vil vi byggje kyrkjelyd! Saman vil vi gjere Kristus kjend, trudd, elskar og etterfylgd.

Ein varm takk til alle gode medarbeidarar, mest til dei av dykk som få ser, men som gjer ei eineståande teneste mellom små og store!

Gud signe Bjørgvin bispedøme – som har så mykje og som treng så mykje!

**Ole D. Hagesæther**



# ANDAKT

Av Rolf-Eivind Monsen



For inntil eit par år sidan var eg prest i ei bygd som heiter Kalvåg. Eitt år sette dei seg som mål å lage ei pepperkakebygd. Ønsket var å få til ei så korrekt framstilling av bygda som mogeleg. Der var både hus og buer og sjølv sagt var kyrkja viktig å få med, og den vart verkeleg flott. Skuleungane var sjølv sagt med og laga ein pepperkakeskule som òg skulle vere med i pepperkakebygda. Men nettopp der og då var det ein ting som opptok dei meir. Og det var det digre pepperkakehjartet som ikkje skulle gå til pepekakebygda, men som skulle hengja i klasserommet. Dei hadde lagt mykje arbeid i å få det så stort som mogeleg. Og det vart verkeleg stort. Så pynta dei pepperkakehjartet etter alle kunstens reglar med nonstop og seige-menn og -damer. Deretter hengde dei det opp i klasserommet.

Men det var berre det at hjartet viste seg å vera litt for stort. For det ramla i golvet under si eiga vekt. Og dermed knakk det i to. Læraren kunne fortelje at elevane sjølv sagt vart veldig lei seg. Dei var så stolte av dette store pepperkakehjartet som dei hadde fått til. Men då fekk læraren ein god ide. Dei kunne jo forsøke å reparere hjartet. Læraren henta nål og tråd og så sydde dei det saman med sirlege sting. Ein aldri så liten hjarteoperasjon.

Så no fann dei ut at det kanskje var like greitt at det låg på eit bord slik at alle som kom inn kunne smaka på hjartet og kjenna kor godt det var. Det var ikkje berre til pynt. Det skulle nytast og smakast. Og ikkje minst vera til glede for andre.

Mett ditt auga med ljuset frå det høge, heiter det i ein salme. Det minner oss om at advent og jul er både smakfulle og fulle av lukt. Og at sansane våre vert sett på prøve. Det fortel oss og at "toppen" på kransekaka det er ljuset frå det høge som gjesta oss som ei solrenning, Jesus Kristus. Han som hadde eit så stort hjarte og så mykje kjærleik at han vart øydelagd, krossfest og sundbroten. Men det skjedde ikkje utan mening. Og ikkje utan at det kom noko godt ut av det. For no kan alle som vil få ein del av Han og kjenna og smaka at Herren er god.


Det fortel oss at vi lever i eit spenningsfelt mellom fortid, nåtid og framtid. Vi førebur oss på jula som ei fødselsdagsfeiring av at Frelsaren har gjesta oss frå det høge. Vi feirar det som ein gong skjedde då Gud vart menneske. Men adventstida med sin fiolette farge ber også i seg ei levande von om Jesu Kristi oppstode frå dei døde er ei framtidsvon for menneska. At Jesus ein gang skal koma att for å

døma levande og døde. *For kreftene i himmelrommet skal bli rokka. Då skal dei sjå Menneskesonen koma i sky med stor makt og herlegdom*(Luk 21,26-27). I ein annan av tekstane for advent talar og Jesus om tider som skal koma, om tempelet som skal øydeleggjast og om trengsla som skal ta til. Tempelet skulle byggjast opp att på tre dagar. Jesus peiker dermed på seg sjølv. Gud sjølv. Det sanne tempel som den sanne tilbeding skal vera retta mot.

Dagen før var Jesus nettopp i tempelet i Jerusalem og reinsa det. Han jaga ut pengevekslarane, profittjegarane og sa at det skulle vere eit bønehus og ikkje ei røverhole eller eit ”kjøpesenter”.

Adventstida inviterar oss difor med alle sine forventningar, tradisjonar og felleskapsaktivitetar òg til ettertanke. Kva med vårt eige åndelege tempel? Kva fyller vi hjarto våre med. ”*Korleis pyntar eg mitt ”pepperkakehjarta*”? Og ikkje minst: Kven får lov til å smaka på det. Vi førebur feiringa av Jesu fødsel og at han ein gong skal komma attende, vår høge gjest. Og då er det viktigaste som skjer i adventstida ikkje nødvendigvis at vi kjem til jul, men at Jesus kan verta fødd ikkje berre i Betlehem, men og her i våre pepperkakebygder i denne sôte advents- og -juletida. Og då er det heller ikkje først og framst i Betlehem at det skjer, men i hjarto våre.

*Det gjekk ikkje føre seg i Betlehem  
medan Kvirinius var landshovding i Syria  
det var i eit lite blåmåla  
svært alminneleg rom  
ei seng eit bord og ein kvit stol  
det var ingen hyrdar eller englar  
men ein tynn lysstråle  
trengde gjennom huda og ribbeina  
Og inn i hjartet  
plutselig visste eg alt det  
eg tidlegare berre hadde prøvd å forstå  
og barnet sa:  
Slik er eg fødd  
gang på gang  
årtusen etter årtusen  
eg er alt i alle  
ordet sanninga vegen og livet  
den som tek imot meg  
her og no  
har blitt ein del av æva.*





1. rekke frå v: Sigrun Brit Steen, Johannes Melve, Ingrid Wiik

2. rekke frå v: Olav Stokke, Harry Thunestveit, Steinar Rolland, Arne Steive

3. rekke frå v: Birger Litangen, Odd Kippersund, Jan Åge Rolland, Oddvar Helge Tunes

Fotograf: Einar Johnny Selvik

### Vakkert og viritoust i Haus kyrkje

Sundag 26.10 Kl 1900 i Haus kyrkje kjem til å sitja i minnet til oss ca 30 tilhøyrarar som fekk oppleva gitaristen Sindre Sortland spela J.S.Bach på klassisk gitar. I vakre og viritouse gjennomføringer, gav gitaristen Sindre Sortland oss ei side av komponisten J.S.Bach som ikkje alle er so vande med; å høyra Bach sin musikk på strengeinstrument.

J.S.Bach skreiv mykje for strengeinstrumentet lutt, som gjerne på den tida var meir nytta enn no. Sindre Sortland sin klassiske gitar var heilt ukjend på Bach si tid, men den vakker klingande framføringa i Hauskyrkja den sundagskvelden, i gitaristen sine eigne arrangement, førde oss attende til J.S. Bach si samtid.

Gjennom eit variert program, der gitaristen også var innom tre vakre satsar av Antonio Barrios sin komposisjon "La Catedral", var turen til Hauskyrkja den sundagskvelden ei investering i kvalitetstid.

Sjølv om gitaristen Sindre Sortland vart applaudert fram att for ekstranummer etter konserten, ville dei fleste gjerne høyra mykje meir.

Det får me kanskje også ein gong ?



Tekst: Kjell Hannisdal

Foto: Einar Johnny Selvik

## 50 - ÅRS KONFIRMANTAR I HAMRE



1. rekke fra v: Inger Margrethe Reigstad Aase, Rannveig Sollaug Kvamme Reigstad, sokneprest Inge Sørheim, Reidun Torskholder Utkilen, Asta Raknes Nygård

2. rekke fra v: Inger Alise Reigstad Aasheim, Signy Olaug Låstad Tydal, Karen Johanna Stusdal Fyllingsnes, Britt Rundhovde Heine, Ragnhild Margrete Mundal Torvund, Sissel Bjørg Skaar Tveiterås, Laila Askeland Toft

3. rekke fra v: Karl Johan Reigstad, Jakob Høyland, Inge Rundhovde, Kjell Håkon Hopland, Per Hagesæter, Terje Raknes, Idar Martin Elvik

4. rekke fra v: Jarle Tvedt, Ingemar Valestrand, Magne Brand Furnes, Egil Fyllingsnes, Arne Valestrand, Magne Brakvatne

Fotograf Rune Solberg

## 50 - ÅRS KONFIRMANTAR I GJERSTAD



1. rekke fra v: Elly Kallekleiv Stadsnes, Prost Helge Hitland, Margun Marit Teigland Lone, Kari Hauge

2. rekke fra v: Jostein Vevle, Agnar Lone, Bjørg Hjelle Svenheim, Karin Hauge Mikalsen, Ingebjørg Reigstad, Liv Karin Teigland Skjerping, Inglaug Solberg Myking, Kåre Brekke

3. rekke fra v: Håkon Magnus Øksnes, Odd Bjarne Skår, Ingar Bjarne Lone, Henry Hannisdal, Oddmund Vevle, Tor Steinar Valestrand, Jan Karsten Solberg

Fotograf Rune Solberg

## 50 - ÅRS KONFIRMANTAR I BRUVIK



1. rekke fra v: Bjørg Kirsten Bruvik, Maria Hagenes Hundhammer, sokneprest Johannes Melve, Ruth Margrete Stokke Tvilde

2. rekke fra v: Aslaug Kristine Seilen Saltnes, Reidun Margrethe Vaksdal, Marit Langhelle Iversen, Bjørg Olsnes Røssland, Sigrun Helene Fjæra Stavøstrand, Liv Karin Stokke Skaftun, Grethe Marie Seilen Heimdal, Gerd Ester Løtveit Skaar

3. rekke fra v: Gunnar Svein Hekland, Tor Skaftun, Bjarne Martin Langhelle, Thore Brudvik, Torbjørn Johannes Stokke, Sverre Martin Bruvik, Harald Skaftun

Fotograf Rune Solberg

## 50 - ÅRS KONFIRMANTAR I HOSANGER



1. rekke fra v: Bjørg Randi Pedersen Sandal, Margaret Namdal Veivåg, sokneprest Inge Sørheim, Grethe Paula Hella Spurkeland, Bodil Eidsheim

2. rekke fra v: Else Margrete Heimvik, Sisse Beate Herland Bjørkheim, Solveig Ragnhild Kleppe Nordås, Olina Margun Bernes Nesheim, Eli Oddrun Eikemo Romarheim, Anne Mari Eikefet Persen, Herborg Karin Eide Tveiten, Laila Veland Gausereide, Marit Solfrid Kleppe Tysse, Randi Marit Bysheim Låstad

3. rekke fra v: Kåre Magnus Kirkevik, Norvald Fjellskål, Arnold Oddvar Birkeland, Finn Ellefsen, Martin Njåstad, Edvin Anders Tysse, Ellen Margrete Stangeland

4. rekke fra v: Torolf Johan Kleppe, Odd Vevle, Arthur Ragnar Eknes, Arne Tyssebotn, Svein Harald Fotland, John Njåstad, Birger Normann Hanstveit

Fotograf Rune Solberg

## MOT JUL

I gamle hus finst gamle ting. Me fann eit juleblad frå 1927, "Norsk jul", prenta på "Gula Tidend" forlag. I bladet stod dette diktet av Ragnvald Vaage:

### Solsnu

*Det hev ylja over landet med toreslått og ljon,  
med storm og skume myrker so det fanst snaudt dagesens  
von.*

*Men umsider fekk ho siger likvel, sola.  
Og no ror ho yver himmelhavet blått på gullan sky,  
og landet ligg og gildrar seg i glitrekåpa ny-  
Nei so finsleg det kan laga seg mot jola.*

*Stilt hev snoen lindra såra som den harde hausten slo.  
Kvit og rein som brur i blund kviler eng og åker no  
og det fjelgar seg til solfest i kvar stova.  
Snart so kyngjer alle klokkor for den milde himmelgjest  
som kom med ljós og hjartero då natt var som verst.  
Hans namn det skal ævleg vere lova.*

*Og so takkarm e for solsnu og for himmelsende von.  
At um det stormar, um det støkkjer med toreslag og ljon,  
so må alt seg til ro umsider svæva.  
Just når striden stend som hardast og me augnar berre natt,  
då kjem gjesten i frå ovan med ljós åt hjarto att-  
Og dagen strålar vårblå i all æva.*



Det lid fram mot solsnu og jul. I alderdomen tykkjест hendingar frå barndomen klårare og lettare å hugsa enn mangt i notida. Turane med bestefar etter juletre var morosame. Juletre skulle ikkje vera vanskeleg å finna, for her var planta gran over alt. Men så var det at treet måtte vera falt, sa bestefar. Det var slike tre som mangla nokre greiner eller var litt ruskete. Beine, fine tre skulle det verta tømmer av.

Så var dagen komen. Juletree fekk fot å stå på, fugleneket vart hengt opp og mor og far tok fjøsstellet ein time tidlegare enn vanleg. Julemiddag i bestemorstova: Fisk, flatbrød og bondesmør. Me ungane venta spent på det som kom etterpå. Det kom, etter at mor hadde lese juleevangeliet og me hadde sunge julesongen som høyrdé med. Julegåvene, dei me hadde pakka opp og pakka ned, gøynt og funne framatt. Kjent på og vege i handa. No var dei her, og alle var glade.

Julekvelden fekk me vera lenge oppe. Men det var fint å leggja seg den kvelden, for mor hadde brent opp den gamle sengehalmen og lagt i ny. Den var mjuk og god å liggja i.

Juledags morgen vekte bestemor oss med julebrød og varm kakao på senga, det var flott. Me fekk ellers ikkje gå frå garden den dagen. Gjorde me det kom julereia og tok oss, sa dei vaksne. Andre juledag for me til kyrkja. Sidan var det julelag og julefestar til ut på nyåret.

*Me fødde til lys i mørket å bera  
for alle som leitar vegen å gå.  
Livet kan vera tungt nok i verda  
om ikkje ein steinar til bora legg på.  
Ein tanke, eit ord som er verre enn alt:  
"Din livsveg må reknast som ikkje normalt".  
Ber heller kjærleikens bodskap fram,  
den varme og rause lærar.  
Fri frå sjølvlagta synd og skam.  
Då hjelper du mange på ferda.*

God jul.  
- Olav Greve

## GLIMT FRÅ 60 + FESTEN I HAUS KYRKJELYDSHUS SØNDAG 19. OKTOBER




Linda Fosse tolkar Aslaug Låstad Lygre.  
Foto: Madli Hannisdal

Det er 3. året diakoniutvalet i Haus sokneråd arrangerer 60+ fest. Me hadde også denne gongen invitert med oss høgskolelektor Harriet Garlid. Ho kåserte til ei lydhør forsamlings som fekk eit spennande og interessant innblikk i Henrik Wergeland sitt liv. I tillegg var vi og så heldige å få med oss Linda Fosse som både er songar og driv med teater og skodespel. Frå sitt flotte repertoar henta ho fram songar og dikt av Aslaug Låstad Lygre, kjente og kjære viser fra nordiske forfattarar og den vakre salmen Eg veit i himmerik ei borg.

Tidlegare sokneprest i Haus, Nils Aksel Mjøs, var og innom på besøk og hadde eit lite innlegg om den nye salmeboka me har i vente. Det blei servert god middag som Johnny Selvik stod for og gode heimebakte kaker til dessert. Me hadde og god hjelp konfirmanatar som er med i diakonigruppe. Dei som var saman med oss denne ettermiddagen gav uttrykk for at dette hadde vore både ein fin og kjekk stund å få med seg.


- Madli Hannisdal



### VISE MENN OG VISE KVINNER

I Hamre kyrkje har det heilt sidan ny julekrybbe vart innkjøpt, vore tradisjon med ein foredrag-skveld i samband med at krybba vert satt opp att. Desse foredraga eller kåseria har vi kalla "Vise-mannsforedrag", og vi har tidlegare hatt glede av å høre på mellom anna Gunnar Danbolt, Jan Rant erud og Henrik von Aachen.

I år vert det ei vis kvinne som skal få ordet og visa bilet som er meiningsfylte for henne i høve advent og jul. Solrunn Nes er også kunstnaren bak antemensalekopien som heng i kyrkja. Ho er utdanna kunsthistorikar og ikon - målar. De kan møte henne i Hamre kyrkje torsdag 4. desember klokka 19.00.




## RAFTOPRISVINNER MED OSTERØYKONTAKT


Vinnaren av Raftoprisen 2008, pastor Bulambo Lembelembé Josue, har fleire gonger besøkt Osterøy og pinsevenene her. Då var han også heime hjå tidlegare helsesøster i Osterøy kommune Solveig Jernquist på Eikeland, Hamre. Han hadde kjent Solveig frå barndomen av i Kongo, Afrika. Solveig kjende også foreldra hans, og arbeidde i området der han vokt opp frå 1955 og framover som sjukesøster og jordmor.

Pastoren, som no er visepresident for det protestantiske kyrkjerådet i Kivu – regionen, Kongo, har fått prisen for sitt eineståande arbeid for folket i landet. Arbeidet hans gjev valdtekne kvinner, Barnesoldatar og andre krigsoffer håp om fred, forsoning og eit menneskeverdig liv, heiter det i grunngjevinga for prisen.

Bulambo Lembelembé fekk utdelt prisen i Bergen 2. november, under ei stor festsamling på Den Nasjonale Scene.



## FELLESGUDSTENESTE I HAUS MED INNVIING AV NYE KYRKJETEKSTILAR



Søndag 2. november blei dei nye kvite kyrkjekstekstilane tekne i bruk. Tekstilane er designa og laga i Jølster på Myklebust kunst og handverk. Designar er Elsa Norunn Håheim Nydal. Dei kvite tekstilane blir brukt på festdagar i kyrkjeåret. Allehelgens søndag, 1. juledag, konfirmasjon, 1. påskedag. Stoffet er vevd av lin og bomull og dei fleste av symbola og mønsteret i messehakelen er henta frå kyrkjerommet. Den 5-blada rosa på framsida av messehakelen er eit kristent symbol på Jesus sine fem sår. På messehakelen har dei og vevd inn eit mønster som er henta frå glassvindauge framme i koret. Kristusmonogrammet på preikestolklede er henta frå altarringen i kyrkja. Nydeleg utført arbeid. I anledning innviinga var både Elsa Norunn Håheim Nydal som har designa dei og marknadskonsulent Marit Hartvedt invitert til å vera med. Elsa Norunn fortalte kort til oss om dei ulike symbola.

Kyrkjekoret var med og song på gudstenesta og Kjell Hannisdal gledde oss med nydeleg tonefølgje på kornett. Ei flott fellesgudsteneste som var vel verdt å få med seg.

- Madli Hannisdal



# DEN NORSKE KYRKJA

## Osterøy prestegjeld

### DESEMBER

2. sundag i advent, 7. desember 2008: Luk 21,25-33 Mal 3,17-4,2a; Rom 15,4-7

**Hamre kl. 17:** Lysmesse. Konfirmantane. Sørheim.

**Gjerstad kl. 19:** Lysmesse. Konfirmantane.  
Vikarprest Rolf Eivind Monsen og  
kateket Gro Eman.

**Hosanger kl. 20:** Lysmesse. Konfirmantane.  
Sørheim. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet.

3. sundag i advent, 14. desember 2008: Matt 11,2-10 Jes 35,3-10; 1 Kor 4,1-5

**Gjerstad kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

**Bruvik kl. 17:** Lysmesse/julekonsert.  
Kateket Gro Eman. Osterøy  
kyrkjekor. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet.

4. sundag i advent, 21. desember 2008: Joh 1,19-27  
Jes 52,7-10; Fil 4,4-7

**Tysse bedehus kl. 11:** Gudsteneste. Sørheim.  
Takkoffer til Radio Osterøy.

**Hamre kyrkje kl. 17:** Julekonsert. Tilskipar  
Valestrand musikklag.

Julaftan, 24. desember 2008: Luk 2,1-14 Mi 5,1-4a

**Bruvik kl. 12.30:** Familiegudsteneste. Melve.  
Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

**Hosanger kl. 14:** Familiegudsteneste. Sørheim.  
Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

**Gjerstad kl. 14.30:** Familiegudsteneste. Melve.

**Hamre kl. 16:** Familiegudsteneste. Sørheim.  
Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

**Haus kl. 16:** Familiegudsteneste. Melve.

Juledag, 25. desember 2008: Joh 1,1-14 Jes 9,2-3

.6-7; Hebr 1,1-5a

**Haus kl. 11:** Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Melve.

**Hamre kl. 12:** Høgtidsgudsteneste. Nattverd.  
Sørheim.

Andre juledag (Stefanusdagen), 26. desember

2008: Matt 10,17-22 Jer 1,17-19; Apg 6,8-15

**Gjerstad kl. 11:** Høgtidsgudsteneste. Nattverd.  
Sørheim. Vikarprest Rolf-Eivind Monsen.  
Osterøy kyrkjekor.

Sundag etter jul, 28. desember 2008: \* Gal 4,4-7  
Jes 63,7-9; Luk 2,25-38

**Bruvik kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Melve.  
Takkoffer til Misjonsselskapet.

Nyårsnatt, 31. desember 2008: Luk 13,6-9 Sal  
103,1-4.8-12; 1 Joh 1,5-7

**Hosanger kl. 23.15:** Midnattsmesse.  
Fellesgudsteneste for alle 5  
sokna på Osterøy. Sørheim.

### JANUAR

Kristi openberringsdag, 4. januar 2009: Matt 2,1-12 Jes 60,1-6; Ef 3,1-6

**Haus kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Melve.

**Hamre kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

1. s. e. Kr. op.dag, 11. januar 2009: Matt 3,13-17  
Jes 42,1-4; Kol 1,15-20

**Gjerstad kl. 11:** Høgmesse. Nattverd.

**Hosanger kl. 11:** Høgmesse. Nattverd.

2. s. e. Kr. op.dag, 18. januar 2009: Joh 2,1-11 2  
Mos 33,18-23; Tit 2,11-14

**Haus kl. 11:** Høgmesse. Nattverd.

3. s. e. Kr. op.dag, 25. januar 2009: \* Matt 8,5-13

2 Kong 5,1-5.9-15; Rom 1,16-17

**Hamre kl. 11:** Høgmesse. Nattverd.

## **FEBRUAR**

**Vingårdssundagen, 1. februar 2009: Matt 20,1-16**

**Jer 9,23-24; 1 Kor 9,24-27**

**Bruvik kl. 11:** Familiegudsteneste.

**Gjerstad kl. 16:** Familiegudsteneste.

**Hosanger kl. 11:** Familiemesse. Nattverd

**Såmannssundagen, 8. februar 2009: Luk 8,4-15**

**Jes 55,10-11; 1 Kor 1,20-25**

**Haus kl. 11:** Familiegudsteneste.

**Hamre kl. 11:** Familiegudsteneste.

**Kristi forklæringsdag, 15. februar 2009: Matt**

**17,1-9 2 Mos 34,27-35; Åp 1,9-18**

**Frekhaug:** Nordhordland kyrkjefest.

**Hosanger kl. 19:** Kveldsgudsteneste

**Sundag før faste (Fastelavnssundag), 22. februar**

**2009 \* 1 Kor 13,1-13 Jes 52,13-15; Luk 18,31-43**

**Gjerstad kl. 11:** Høgmesse. Nattverd.

**Oskeonsdag, 25. februar 2009: Matt 6,16-18 Jes**

**58,5-9a; 1 Joh 3,4-8[9-10]**

**Haus, kveldstid:** Fastegudsteneste

## **MARS**

**1. s. i faste, 1. mars 2009: Matt 4,1-11 1 Mos 2,8-9**

**og 3,1-19; Hebr 4,14-16**

**Hosanger kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Melve.

**2. s. i faste, 8. mars 2009: Matt 15,21-28 1 Mos**

**32,24-30; 2 Kor 6,1-1**

**Hamre kl. 11:** Høgmesse. Nattverd.

Rolf Eivind Monsen.

**3. s. i faste, 15. mars 2009: Luk 11,14-23[-28] Sak**

**12,10; Ef 5,1-2.8-11**

**Bruvik kl. 11:** Høgmesse. Nattverd.

Rolf Eivind Monsen.

**Gjerstad kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Melve.

**Maria bodskapsdag, 22. mars 2009: Luk 1,26-38**

**Jes 7,10-14; Rom 8,1-4**

**Haus kl. 11:** Familiegudsteneste. Melve.

**Hosanger kl. 11:** Høgmesse. Nattverd.

Rolf Eivind Monsen.

**5. s. i faste, 29. mars 2009: \* 1 Mos 22,1-13 Hebr**

**9,11-15; Joh 11,45-53**

**Hamre kl. 11:** Høgmesse. Nattverd.

Rolf Eivind Monsen.

## **JULEKONSERTAR**

**05.12: Hosanger kyrkje kl. 19**

Osterøykoret

Musikkskulen sitt barnekor

**07.12: Haus kyrkje kl. 16**

Osterøykoret

Musikkskulen sitt barnekor

**07.12: Haus kyrkje kl. 19**

Osterøykoret

**08.12: Haus kyrkje kl. 19**

Oriatoriet "Messias" av Händel

Maria Kantori, Bergen Bachsolistar

og songvokalistar

Dirigent Karstein Askeland

**14.12: Gjerstad kyrkje kl. 20**

Osterøy Janitsjar, Osterøykoret

Kåre Rivenes - orgel

**14.12: Bruvik kyrkje kl 17**

Kateket Gro Eman, kantor Kåre Rivenes,

konfirmantane i Bruvik

Haus Musikklag, Osterøy kyrkjekor

**19.12: Haus kyrkje kl. 19**

Medv Haus Musikklag, Osterøy felleskorps

Haukeland Songlag

Torill Langhelle - solosong, Brage Hatløy - fele

Kåre Rivenes - orgel

**21.12: Hamre kyrkje kl. 17**

Reppen, Hamre/Hjellvik musikklag

Valestrand musikklag

# HAMRE KYRKJE – FULLGOD BRANNSIKRING

**8. oktober var ein stor dag for Hamre sokneråd og Osterøy kyrkjeleg fellesråd.**

**Vi kunne denne dagen glede oss over at eit stort arbeid var fullført ved at det nye sprinkler- og tåkeanlegg i kyrkja kunne koplast på.**

**Tekst og bilete: Helge Kolstad**

Hamre kyrkje er over 400 år gammal og bygd av materialar som er svært brannfarlege. Før den kyrkja som står på plassen i dag vart bygd, har det på same staden vore to kyrkjer tidlegare. Kyrkja har difor ei svært lang historie ved at det på Hamre har vore kyrkjested i nærmere 1000 år. I og med at kyrkja er bygd av brannfarlege materialar, har det i svært mange år vore arbeidd for å få installert eit automatisk brannsløkkingsanlegg i kyrkja. Osterøy kommune begynte med planar allereie i 1981 og soknerådet har også svært lenge vore opptekne av branngryggleiken.

Kyrkjeleg fellesråd har dei siste par åra arbeidd med å få fram oversikt over det beste sløkke-anlegget til kyrkja og ikkje minst få oversikt over kostnader ved montering av eit slikt anlegg.

For ca. eit år sidan blei det klårt at Stiftelsen Uni ville gje ein million kroner til prosjektet og Opplysningsvesenets fond (Kyrkjedepartementet) 800.000,-. Da desse lovnadene var gjevne, gjorde kyrkjeleg fellesråd vedtak om at anbod kunne sendast ut og kontraktar kunne underteiknast.

I tillegg har Osterøy kommune gjeve kr. 550.000,-, Riksantikvaren kr 400.000,- og Spare-banken Vest kr. 100.000,-. Dette har langt på veg dekt dei totale utgiftene på kr. 3.200.000,-.

Kyrkjeleg fellesråd er svært takksame over at så mange rause gjevarar saman med oss har sett verdien

av at den fine kyrkja / kulturarven vert teken vare på for kommande slektar.

Det automatiske brannsløkkingsanlegget som nå er montert, består av tre deler.

Det er utvending montert sprinkleranlegg langs alle takmøner og i tårnet. I tillegg er det innvendig sprinkler i tårnet, våpenhuset og sakristiet. I sjølve kyrkjerommet er det montert vatntåkeanlegg. Dette for at ikkje maleri og andre spesielt verdifulle gjenstandar skal ta skade ved at eit sprinkleranlegg sender ut vatn med stor kraft og ved det øydelegg verdifulle måleri eller anna inventar.

Sprinkler-/og tåkeanlegget krev mykje teknisk utstyr. På grunn av dette er det på vestsida av kyrkja bygd ei teknisk bu, som rommar alle tekniske innretningar.

Då anlegget var overlevert i oktober, blei sprinkleranlegget på utsida av kyrkja testa.

Alt virka som det skulle, og underteikna sa at vi får håpe at ingen andre enn vi som var tilstades ved denne testen, får sjå anlegget slik igjen.

Det er gjort mykje godt arbeid av dei utførende entreprenørar.

Takk til Watermist a/s som hadde hovudentreprenisen og Byggmeister Rune Revheim som har oppført den tekniske bua samt mykje anna arbeid i samband med prosjektet.

Fram til at det automatiske brannsløkkingsanlegget vart satt i drift, har vi hatt ei ordning der 6-8 av dei nærmaste nabane til Hamre kyrkje har deltatt i ei frivillig brannvaktordning. Denne ordninga vert no oppheva og kyrkjeleg fellesråd rettar med dette ei stor takk til de som har vore i beredskap for Hamre kyrkje.

Takk til frivillige nabobar og utførende entreprenørar!.



## Slekters gang

### HAUS

#### **Døypte:**

14.09. Emil Hanssen(Busett Arna/Fana)

14.09. Oline Ramberg Lutro (Busett Ullensvang)

14.09. Sandra Reigstad Evensen (Busett Hamre)

28.09. Benjamin Enrique Pedersen

#### **Gravlagde:**

26.09. Klara Julie Mjelde (f.1920) Bisett

08.10. Henny Vikne (f.1921)

10.10. Hans Jürgen Reck (f.1967)

### GJERSTAD

#### **Døypte:**

14.09. Elias Småland (Døypt i Hamre)

21.09. Mathias Hannisdal

21.09. Marcus Haugland Johnsen (Busett Stavanger)

05.10. Olav Svenheim (Døypt i Hamre)

12.10. Elias Bø

12.10. Julie Seilen Vevle

#### **Vigde:**

11.10. Helga Vele og Sveinung Nessa

01.11. Ingrid Sæterstøl og Elias Miriti Mukkuira

#### **Gravlagde:**

16.09. Aslaug Mathilde Jakobsen (f.1912)  
(Loddefjord krk.)

## HOSANGER

#### **Døypte:**

07.09. Elias Myking Røstøen

#### **Vigde:**

11.10. Berta Jorunn Vikesund og  
Thor Førde Hatlehol

#### **Gravlagde:**

17.10. Aaslaug S. Tysse (f.1918)

04.11. Eirik Vatndal (f.1951)

### BRUVIK

#### **Døypte:**

07.09. Endre Revheim

### HAMRE

#### **Døypte:**

14.09. Aleksander Valvik Birkeland

14.09. Elias Småland (Busett Gjerstad)

14.09. Olav Svenheim (Busett Gjerstad)

05.10. Sara Gran Reigstad

05.10. Maia Kriszte Mikalsen (Busett Arna)

05.10. Allena Marie Stordal Forland (Busett Sund)

#### **Gravlagde:**

11.09. Halldis Sæbø (f.1927)

25.09. Britt Helen Lohne Tufta (f.1952)

21.10. Kåre A Birkeland (f.1924)

22.10. Målfrid Hjellvik (f.1917)

23.10. Ivar Karevoll (Urne nedsett 23.10.)

24.10. Karl Johan Kvamme (f.1930) (Busett Askøy)

I over 400 år har den heldigvis unngått skader

No er den sikra med vann i kaskader

Sikra mot brann både natt og dag

Til soknet og brannvernet sitt store behag

Sikra inne som ute, med tårn og fasader.

**At dette gjekk an**

**Skyldast ein mann**

**Som ivra og balte**

**og penger inn halte**

**Helge Kolstad heiter han**

**Kyrkja er sikra i nord og i sør**


**Prøvd og testa - både dyser og rør**

**Godt arbeid er utført og strev ligger bak**

**Harmonisk og usynleg i vegger og tak.**

**Takk så mye Helge, for den jobben du gjør.**

**- Ukjent diktar**



# Korleis har du det... EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300

SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

## ADVENTUS DOMINI!

Ordet "advent" kjem av det latinske uttrykket over her, som tyder "Herrens kome". Den heilage Ambrosius sin salme som det er å finna nokre vers av på framsida, er noko av det eldste vi har av kristen salmetekst som framleis er levande i bruk. "Folkefrelsar til oss kom" er nr. 1 i salmeboka. Det skal bli interessant å sjå om han framleis får ha den plasseringa i den nye salmeboka som kjem i 2010.

Ambrosius vart utropt til biskop av Milano 7.desember 374 mot sin vilje. Han var på det tidspunktet utdanna jurist og guvernør, og var ikkje eingong døypt. Men han var elska av folket, og tok etter noko tvil både i mot embedet og let seg døypa. Han vart etterkvart ein av dei store kyrkjefedrane våre, som sjølvaste Augustin oppsøkte for råd og rettleiing. Ambrosius var pasifist og ein glimrande talar og forhandlar. Han skapte fred kring seg i ei uroleg tid.

Vi får vona julefreden også kjem til oss når den tida er inne. "Kyrkjehelsng" vil ønskja alle lesarane ei god og fredeleg jul!

**FRIST FOR NESTE NUMMER: 27.02.09**  
Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.  
E-mail: [kristofferfo@gmail.com](mailto:kristofferfo@gmail.com)